



## ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 30. APRIL 2016

---

**Stad:** Landeskogen i Bygland kl.11.00-15.10.

**Til stades:** 63 frammmøtte, inkludert skrivar, føredragshaldar, styre og abonnentar.

**Innleiing:** Styreleiar Beint Foss ynskte velkomen.

Finn E. Isaksen heldt føredraget ”Stadnamnlova fyller 25 år – verdt å feire?”. Han fekk velfortent applaus etter føredraget. Klokka 12.00 var det tapaskoldtbord med karamellpudding og kaker til dessert, og etter framsyning av Austad leikarring kl. 13.00 tok årsmøtet til.

### Sak 1 **VAL AV MØTELEIAR**

Terje Sandkjær vart vald til møteleiar.

### Sak 2 **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

Innkallinga og saklista vart godkjend, og av dei totalt 63 frammmøtte, var 53 røysteføre og 10 (skrivar, 7 abonnentar/observatørar, turnemndgeneralen, føredragshaldaren) var utan røysterett.

### Sak 3 **VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN**

Arve Rauk (Setesdal Sogelag) og Ann-Margret Haaland (Audnedal Historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

### Sak 4 **GODKJENNING AV ÅRSMELDING**

Årsmeldinga vart lesen opp av Birgit Attestog og samrøystes godkjend.

### Sak 5 **GODKJENNING AV REKNESKAPEN**

Rekneskapen for Agder Historielag vart gått gjennom post for post, og viste 254.518 kroner i underskot på den vanlege drifta i 2015. Revisor fekk rekneskapen såpass seint overlevert at han diverre ikkje hadde høve til å få revidert dette innan årsmøtet. Årsmøtet godkjenner rekneskapen under føresetnad av at styret tek ansvar for å hente inn revisjonsmeldinga.

### Sak 6 **VEDTEKTSENDRING**

Vedtektsendringa gjeld §3, der styret ynskjer å erstatte eksisterande setning *Agder Historielag er tilslutta Landslaget for lokalhistorie og utgjør fylkesleddet for Agderfylka* med

**Agder Historielag skal vere ein paraplyorganisasjon for historielaga på Agder, og kan sjølv vere tilslutta Landslaget.**

Endringa vart vedteke mot 7 røyster.

### Sak 7 **INNKOMNE FRAMLEGG**

Det var ingen innkomne saker.

## Sak 8 **BUDSJETT**

Budsjettet vart lagt fram av skrivaren, men vart oppjustert til 200.000 kr i underskot for 2016 for å ta høgde for 2 stykk EGDE og .

## Sak **VAL**

I valnemnda sat Ellen Ledaal Gjertsen (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Torgeir Retterstøl (Eide) og Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Blomar og 2 flasker Gamal Dansk vart overrekt Beint Foss, og blomar overrekt føredrags-haldaren, turnemndgeneralen Ivar Haugen, avtroppande nestleiar Eilert Skjævestad, skrivar Borghild Løver og valnemndmedlem Anne-Berit og styremedlem Gunnar Thorstensen.

### Styret 2016-2017:

Styremedlem Bjug Åkre, Setesdal Sogelag, ikkje på val – 1 år att  
Varamedlem Anne Marie Ågedal, Audnedal Historielag, ikkje på val – 1 år att

Styremedlem: Birgit Attestog, Setesdal Sogelag, ikkje på val – 1 år att  
Varamedlem: John Seldal, Øyestad Historielag, ikkje på val – 1 år att

Styremedlem: Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, ikkje på val – 1 år att  
**Varamedlem: Gunnar Thorstensen, ny for 1 år**

**Styremedlem: Arna Berg, Åseral Sogelag, ny for 1 år**  
Varamedlem: Helge Wiig, Holum Historielag, ikkje på val – 1 år att

**Styremedlem Knut Engelskjøn, Austre Moland Historielag, ny for 2 år**  
**Varamedlem Sveinung Lien, Tvedestrand Historielag**

**Styremedlem Johannes Risnes, Kristiansand, attval 2 år**  
**Varamedlem Ragnhild Høydal, Kvinesdal Historielag, attval 2 år**

**Styremedlem Morten Aslaksen, Vennesla Historielag, attval 2 år**  
**Varamedlem Osmund Valand Eikeland, Mandal Historielag, ny for 2 år**

**Styremedlem Kurt Sandman, Selskapet for Grimstad Bys Vel, ny for 2 år**  
**Varamedlem Lars Petter Østeby, Høvåg Museums- og Historielag, attval 2 år**

**Leiar: Knut Engelskjøn, Austre Moland Historielag – nyvald for 1 år**

**Nestleiar: Arna Berg, Åseral Sogelag – nyvald for 1 år**

**Revisjon/ettersyn av rekneskap: Styret får fullmakt til å velje ein evt. rimelegare revisor for 2016**  
Utsendingar til landsmøtet i LLH: Det er ikkje aktuelt i år, sidan det ikkje er landsmøte


### **Valnemnda 2016-17:**

Ellen Ledaal-Gjertsen (Arendal Historielag) – ikkje på val, 1 år att

**Terje Sandkjær (Landvik Historielag) – ny for 2 år**

**Torger Kvåle (Hægebostad Historielag) – ny for 2 år**

Kjell-Ove Sætren (Mandal Historielag) – ikkje på val, 1 år att

  
Ann-Margret Haaland

  
Arve Rauk

Referent: Borghild Løver